

## MERKNAD TIL REGULERINGSPLAN FITJAR SENTRUM

### Skjerming av evt framtidig trase for vegutløysing til Fodno

**Eg ber om at det i Reguleringsplan for Fitjar sentrum vert teke omsyn til at det i framtida kan verta aktuelt med vegutløysing til Fodno. Difor bør areal for ein slik vegtrase skjermast mot nedbygging i den aktuelle reguleringsplanen.**

Den mest naturlege traseen for ei slik vegutløysing går over Hegreneset og så vidare til Fodno, anten i tunnell eller som kombinert fylling/lågbru.

Mange vil nok hevda at dette er heilt urealistisk; eit Fata Morgana. Det får så vera, men eg vil likevel peika på nokre moment som gjer at forslaget ikkje bør avvistast.

- Rosneset er blitt eit populært og flott byggefelt. Søre delen av Fodno har om lag same avstand til Fitjar sentrum, og etablering av eit byggefelt her vil gje innseilinga til Fitjar ei harmonisk og vennleg utforming.
- Eit byggefelt i sørenden av Fodno vil dempa presset på omdisponering av godt jordbruksland sentralt i Fitjar. Nett i desse dagar ser me kor viktig det er å ikkje redusera nasjonal evne til matproduksjon.
- Området ved Fodnableikjene ved søraustre delen av Fodno har gode naturgitte føresetnader som ei framtidig romsleg småbåthavn.
- Vegutløysing til Fodno kan aktualisera nordvestre delen av Fodno som industri-/havneområde, med direkte tilgang til Nordsjøen, via Selbjørnsfjorden.

Dette er nokre av grunnane til at me bør løfta blikket og syta for at areal for framtidig vegutløysing til Fodno vert sikra. Det ville vera meir enn trist dersom framtida skulle visa trong for ei slik vegutløysing, men så er aktuell vegtrase nedbygd og prosjektet nærast uråd å gjennomføra.

Eg håpar difor at merknaden vert teken til følgje og at nødvendige tiltak vert innebygde i reguleringsplanen.

Fitjar, den 28. februar 2022.

Ingebrigt S. Sørffonn